



LO i Indre Hardanger - Postboks 261 - 5751 Odda
Org. nr. 971 116 927

INITIATIV FRÅ LO I INDRE HARDANGER:

VESTLANDSOPPROP MOT NORSK TILKNYTNING TIL ACER, ENERGIUNIONEN I EU.

Vasskrafta har vore grunnlaget for utviklinga av Norge som industrinasjon sidan tidleg på 1900-talet. Rimeleg, rein og fornybar vasskraft har gjennom norsk konsesjonslover vore eit industripolitisk verkemiddel for etablering og utvikling av industriarbeidsplassar og industrisamfunn i store deler av landet, ikkje minst på Vestlandet.


EU har vedtatt sin tredje energipakke, der EU sin Energiunion skal ha ei overordna rolle i nettutvikling og den europeiske kraftmarknaden i EU/EØS-området. Den norske regjeringa har foreslått at Norge blir tilknytta EU sin Energiunion gjennom ACER (Agency of Cooperation of Energy Regulators). Etter ein høyringsrunde, skal denne saka bli avgjort i Stortinget i mars 2018.


Dersom dette blir vedtatt, vil det svekke råderett og kontroll over vasskrafta og norsk kraft- og industripolitikk. Dette vil kunne få dramatiske konsekvensar gjennom auka straumprisar og nettleige for både forbrukarar, kraftforedlende industri og andre næringer.

Den landbaserte prosessindustrien har store miljøvenlege investeringsplanar og eit utviklingspotensiale for auka sysselsetting i distrikta. Fleire eksportkablar frå Norge til EU og auka kraftprisar i Norge basert på den europeiske kraftbørsen vil legge press på løns- og arbeidsvilkåra i industrien og undergrave industriell verdiskaping og utvikling. Dette vil og få negative ringverknader for mange industrisamfunn og industrikommunar, ikkje minst på Vestlandet.

På denne bakgrunn oppmodar vi Stortinget om å:

- seie nei til norsk deltaking i Energiunionen i EU og å overføre makt til ACER.
- stanse vidare bygging av kablar til EU-land
- sikre full nasjonal politisk kontroll over vasskrafta - vårt evigvarande arvesølv.


Terje Kollbotn -leder-


Ørjan Andersson -sekretær-

LO i Indre Hardanger

